

Det Kongelige Kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200404058-3/662/RORN

Bergen, 29. juni 2004

Høyring - Forslag om endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek

Hordaland fylkeskommune har mottatt høyring av forslag om endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek. Vi er einige i at det er behov for endringar i forskrifta, men har følgjande kommentarar:

Kommentar til endringar i rettleiande retningslinjer til §2

I dei gjeldande retningslinjene har ABM-utvikling utarbeidd ei liste over godkjente fag og fagkombinasjonar som kan vere aktuelle innanfor ramma av 40 vektal, som kan inngå i ein cand.mag. grad. Dette er i framlegg til ny forskrift endra i tråd med kompetansereforma i høgare utdanning. Ordninga med godkjenning er i framlegget erstatta med ei liste over ”annen faglig kompetanse som oppfyller kvalifikasjonskravet til fagutdanna biblioteksjef”. Det er lista opp nokre bibliotekspesifikke fag og eksempel på fag som i ein bachelorgrad er relevant å kombinere med bibliotekspesifikke fag.

Vi er einige i at kompetansekrav bør knytast til type fagkompetanse og ikkje konkrete utdanningstilbod, men meiner at kommunane ut frå denne lista ikkje vil vere i stand til å vurdere kva fag og utdanningskombinasjonar som er best. Det er også uklårt kven som skal godkjenne kva fag og fagkombinasjonar, som kvalifiserer til tittelen fagutdanna biblioteksjef. Rådgeving frå fylkesbiblioteket vil vere viktig i denne situasjonen, i tillegg til at det bør arbeidast med ei ordning med godkjenning av bibliotekarutdanning som ikkje er omfatta av strekpunkt ein i §2.

Kommentar til endringar i §3 og til rettleiande retningslinjer til §3

Hordaland fylkeskommune meiner at ordninga med mellombels dispensasjon må oppretthaldast. I perioden med mellombels dispensasjon må kommunane stimulerast til å utvide stillinga gjennom ulike løysingar slik endringane i §4 i biblioteklova opnar for. Målet må vere at ein ved neste gongs utlysing har ei større stilling.

Som grunngeving til endringsforslaget blir det oppgitt at kommunane ønskjer å investere i meir langsiktige kompetansehevingstiltak rett etter tilsetting av biblioteksjef utan fagutdanning. Når kommunane har denne haldninga, vil forskrifta verke uheldig når ein legg til rette for at den nettbaserte halvtårseininga som ABM-utvikling har utvikla, er nok. Kommunane vil nytte minimumstilbodet, og dermed risikerer ein at bibliotekutviklinga stagnerer framfor at ein blir stimulert til utvikling og samarbeid.

Forskrifta bør gi kommunane ansvar for å gi den som blir tilsett utan bibliotekfagleg utdanning, eller med delvis relevant utdanning, den kompetansen som trengst for å kunne fylle stillinga. Det er utvikla mange fleksible og nettbaserte kurs i bibliotekfag ved utdanningsinstitusjonar i Noreg. Ut frå dette er det mogleg å skreddarsy eit utdanningsløp for kvar einskild biblioteksjef tilsett på fast dispensasjon, basert på individuell vurdering av realkompetanse og formell utdanning. Fylkesbiblioteka vil kunne vere rådgjevar for kommunane i vurdering av realkompetanse og i kva utdanning det er behov for. I tillegg vil fylkesbiblioteka ha oversikt over kva utdanningstilbod som finst, inkludert ABM-utvikling sitt utdanningsopplegg

Det nye utdanningstilbodet som Høgskolen i Oslo har det faglege ansvaret for, vil vere eit godt tilbod til biblioteksjefar tilsett på mellombels dispensasjon, men det kan ikkje vere det einaste utdanningskravet til fast tilsette biblioteksjefar utan fagutdanning. Dersom kommunane skal kunne utvikle og styrkje bibliotekvesenet sitt, må ein ha godt kvalifisert personale. Behov for brei bibliotekfagleg kompetanse er særleg stort i små kommunar, der ein ofte ikkje har fulle stillingar.

Retningslinene anbefaler at biblioteksjef fast tilsett på dispensasjon som eit minimum har generell studiekompetanse. Vi meiner at generell studiekompetanse må vere eit absolutt minstekrav.

Konklusjon

Kultur- og kyrkjedepartementet understrekar at det i kravet om fagutdanning ligg eit ønskje om å sikre best mogleg fagleg kompetanse i folkebiblioteksektoren, og at forvaltninga av loven på dette området skal styrkje kommunane sine moglegheiter og ansvar for sjølve å velje gode løysingar for kompetanseheving innan biblioteksektoren.

Hordaland fylkeskommune er einig i at kommunane må bli meir ansvarlege og at den bibliotekfaglege kompetansen i kommunen må styrkast. Vi meiner at ein undergraver denne intensjonen ved at forskrifta legg opp til at ein kan få fast tilsetting ved å forplikte seg til å ta ei halvtårseining i bibliotekfag.

Ei endring i forskriftene til biblioteklova bør vere med på å auke utdanningsnivået og å stimulere til samarbeid.

Med helsing

Ingebjørg Astrup
fylkeskultursjef

Ruth Ørnholt
fylkesbiblioteksjef